



MØTEPROTOKOLL

| | |
|---------------|---------------------------------|
| Utval: | Komite for oppvekst |
| Stad: | Herøy rådhus, Formannskapssalen |
| Dato: | 12.08.2014 |
| Tid: | 13:00 – 16:50 |

Medlemer som møtte:

| | | |
|---------------------------|-----------|---------|
| Ann-Kathrin (Tine) Storøy | Medlem | H |
| Stig Arne Helsem Sævik | Medlem | H |
| Stian Sævik Elveseter | Medlem | H |
| Solveig Helen N. Båtsvik | Medlem | FRP |
| Linn-Therese Hansen Sævik | Leder | KRF |
| Bjarne Kvalsvik | Nestleder | FOLK/SP |
| | | |

Forfall:

| | | |
|-------------------|------|----|
| Per Kristian Furø | MEDL | AP |
|-------------------|------|----|

Varamedlemer som møtte:

| | | |
|--|--|--|
| | | |
|--|--|--|

Andre:

Sekretær Hilde B. Skinnes
Skuleleiar Sølvi Remøy
Eigedomsleiar Robert Myklebust
Barnehageleiar Laila Kvalsund Solhaug

Møtet starta med ein presentasjon frå foreldrerådsstyret i barnehagen på Leikong og arbeidsgruppe Leikanger skule og grendahus.

Leiar ved eigedomsavdelinga, barnehageavdelinga og skuleavdelinga orienterte.

Ope brev til komite for oppvekst, formannskap og kommunestyre datert 5. august som vart ettersendt på epost til medlemene i komiteen vart lagt fram.

Høgre v/Ann-Kathrin (Tine) Storøy reiste habilitetsspørsmål då ho er medeigar av to private barnehagar i kommunen. Ho går frå under handsaming av habilitet.
Ann-Kathrin (Tine) Storøy vart samrøystes kjend habil.

Til å skrive under møteboka ilag med leiaren vart desse valde:
Stig Arne H. Leine og Bjarne Kvalsvik

Stian Elveseter fekk permisjon kl. 16.00 og gjekk frå møte etter vedtak i KO-sak 15/14.

Eigedom sleiar Robert Myklebust orienterte om status ny barneskule på Bergsøy.

Nye møtedatoar for komande halvår vart bestemt:

3.september kl 14.00

1. oktober kl 14.00

5. november kl 14.00

3. desember kl 14.00

Stig Arne H. Sævik

Linn-Therese H. Sævik

Bjarne Kvalsvik

underskrifter

SAKLISTE:

| Saksnr | Innhold |
|----------|--|
| PS 11/14 | Godkjenning av innkalling og sakliste |
| PS 12/14 | Protokoll frå førre møte |
| PS 13/14 | Ny barnehage indre Herøy - forprosjekt |
| PS 14/14 | Samanslåing av barnehageavdelinga og skuleavdelinga til ny felles oppvekstavdeling |
| PS 15/14 | Årsrapport for Herøyskulen 2013 |

Orienteringssak:

Eigedomsløiar Robert Myklebust vil orientere om status ny barneskule på Bergsøy.

PS 11/14 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Høgre v/Ann-Kathrin (Tine) Storøy hadde merknader til innkallinga. Ho saknar innkalling til møtet med oppmøte ved nye Helsesenteret samt synfaring i barnehagane.

Folk v/Bjarne Kvalsvik svarte på spørsmål frå Ann-Kathrin (Tine).

Evaluering av komiteen sitt arbeid 1. halvår 2014 skal opp som sak på neste møte.

PS 12/14 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokollen frå førre møte låg føre.

PS 13/14 NY BARNEHAGE INDRE HERØY - FORPROSJEKT

Møtebehandling:

Barnehageleiar Laila S. Kvalsund og eigedomsléiar Robert Myklebust orienterte

Folk, Bjarne Kvalsvik kom med slikt nytt framlegg:

1. Herøy kommunestyre ser det som viktig for rekruttering til bygdene, å behalde og eventuelt vidareutvikle barnehagane på Leikanger og Moltu
2. Herøy kommunestyre ber Plan og byggenemnda legge fram eit redusert forslag til utviding av barnehagetilbodet i indre Herøy
3. Planarbeidet vert finansiert av allereie løyvde midlar i budsjettet 2014

H, Stian Elveseter og FrP, Solveig Båtsvik kom med slikt nytt framlegg:

1. Herøy kommunestyre ber Plan og byggenemnda sjå på saka på nytt. Vurdere alle alternative behov og kostnader. To representantar frå Komite for oppvekst skal være ein del av planarbeidet, event. arbeidsgruppe
2. Planarbeidet vert finansiert av løyvde midlar i budsjett 2014

H og FrP sitt nye framlegg vart vedteken mot 1 røyst. Folk, Bjarne Kvalsvik røysta for FOLK sitt framlegg.

Tilråding i Komite for oppvekst - 12.08.2014

1. Herøy kommunestyre ber Plan og byggenemnda sjå på saka på nytt. Vurdere alle alternative behov og kostnader. To representantar frå Komite for oppvekst skal være ein del av planarbeidet, event. arbeidsgruppe
2. Planarbeidet vert finansiert av løyvde midlar i budsjett 2014

PS 14/14 SAMANSLÅING AV BARNEHAGEAVDELINGA OG SKULEAVDELINGA TIL NY FELLES OPPVEKSTAVDELING

Møtebehandling:

Rådmann Erlend Krumsvik orienterte og svarte på spørsmål via telefon. Skuleleiar Sølvi L. Remøy og barnehageleiar Laila S. Kvalsund svarte på spørsmål.

H, Stian Elveseter og FrP, Solveig Båtsvik kom med slikt nytt framlegg:

Etatane er no samla i eit felles fagleg miljø på Helsesenteret. Komiteen ynskjer ein refleksjon/evaluering om eitt års tid korleis dette fungerer etter dagens modell.

Komite for oppvekst rår/ber kommunestyret ikkje gjere noko endring på noverande tidspunkt

Det nye framlegget frå H og FrP vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 12.08.2014

H, Stian Elveseter og Frp, Solveig Båtsvik kom med slikt nytt framlegg: Etatane er no samla i eit felles fagleg miljø på Helsesenteret. Komiteen ynskjer ein refleksjon/evaluering om eitt års tid korleis dette fungerer etter dagens modell.

Komite for oppvekst rår/ber kommunestyret ikkje gjere noko endring på noverande tidspunkt

PS 15/14 ÅRSRAPPORT FOR HERØYSKULEN 2013

Møtebehandling:

Skuleleiar Sølvi L. Remøy orienterte

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for oppvekst - 12.08.2014

Kommunestyret teke rapporten til vitande

MØTET SLUTT!